




# Organisasjonskart pr 12.08.2013.



- rådmann
- stab / støtte
- kommunalsjef
- stab under kommunalsjef
- einingsleiar
- avdelingsleiar

Underorganisering er under arbeid



## NOTAT

## BØ KOMMUNE ADMINISTRATIV LEIING

*Frå 1. 8. 2013  
med justering fra  
10.03. 2014*

Til:

**Dok. ref.**  
13/2429-6/K1-034, K3-&20//ASEG

**Dato:**  
12.09.20134

### **Notat om: Om Bø kommune**

Bø kommune har i underkant av 6 000 innbyggjarar. Kommunen sin administrative leiing består av rådmann, assisterande rådmann, spesialrådgjevar, to kommunalsjefar, 4 stabsleiarar, 11 einingsleiarar og 15 avdelingsleiarar. Organisasjonen er i omstilling og ny struktur er innført frå 12.08.2013. Organisasjonskart er vedlagt. Underorganisering er under arbeid, slik at tal einingsleiar og avdelingsleiarar kan bli justert.

Rådmannens toppleiarleiargruppe (rådmann, kommunalsjefar, økonomisjef, personalsjef og spesialrådgjevar) har overordna ansvar for strategisk planlegging, utvikling av leiarskap og rapportering på økonomi og drift. Kommunalsjefane har budsjett og resultatansvar innafør sin sektor. Einingsleiarane har resultatansvar innafør sin eining. Kultursjefen har resultatansvar for kulturavdelingane og er del av rådmannens leiargruppe.

Assisterande rådmann er nestleiar i kommunen med ansvar for overordna planlegging og er kommunalsjef for Helse og Velferd. Helse og velferdssektoren består av eining Institusjon, eining Open omsorg, eining Omsorg og kvalifisering og eining NAV og eining Fag og plan.

Oppvekstsektoren i Bø kommune omfattar skule og barnehage. Oppvekstsjefen har oppfølgingsansvar med Midt-Telemark Barnevern og Midt-Telemark PPT. I Bø kommune er det tre skular, tre kommunale barnehagar og tre private barnehagar.

Kommunalsjef teknisk omfattar teknisk, miljø og næring og har oppfølgingsansvar for Midt-Telemark Brann og Redning og Midt-Telemark Landbruk.

Midt-Telemarkskommunane Bø, Nome og Sauherad (MT) har samarbeid på fleire område. I tillegg til det som er nemnd ovanfor blir MT-IKT, MT- Rådet, Kommuneoverlegen og Arbeidsgjevarkontrollen administrert frå Bø kommune. MT-IKT og MTR er § 27 samarbeid med eigen styre, medan dei andre er § 28 samarbeid og styrt i linja under rådmann.

Meir informasjon om Bø kommune på vår heimeside [www.bo.kommune.no](http://www.bo.kommune.no)

Åse Egeland  
rådmann

VEDLEGG: Organisasjonskart Bø kommune